

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 144	16/834

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
35/2016	Formannskapet	PS	20.04.2016

## Mål- og strategiplan 2016 - 2019

### Vedlegg:

Lokale mål- og strategiplanar 2016 - 2019

Mål- og strategiplanar 2016-2019 Økonomi - oppd 04.04.2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 – 2025 er basert på kommunen sin visjon om at Meland kommune skal vere «Eit samfunn for alle.» Vi skal strekkje oss etter å vere ein kommune der innbyggjarane kjenner seg trygge, tek ansvar for eiga helse og er medspelarar i arbeidet med å utvikle eit godt lokalsamfunn. Visjonen representerer ei forplikting ved at han uttrykkjer at alle skal ha høve til eit godt liv i Meland kommune og visjonen skal vere eit berande element i arbeidet med å utvikle kommunen.

Visjonen vert i kommuneplanen tydeleggjort gjennom følgjande verdiar og overordna mål:

- Våre verdiar:
- Livskvalitet i Meland
  - Berekraft i Meland
  - Næring i vekst
  - Aktiv i Meland

- Overordna mål:
- Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet
  - Vi skal ha ei berekraftig utvikling
  - Vi skal vere ein av dei meste attraktive næringskommunane i Hordaland
  - Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer

Kommuneplanen har ei rekkje målformuleringar og retningsval for dei ulike tenestene.

Tenestemråda har jobba med utgangspunkt i desse målformuleringane og så sett opp mål og strategiar for eige teneste/stabsområde for perioden 2016 – 2019. Det er også sett opp tiltak i desse plandokumenta, men desse kan ha ein kortare tidshorisont. Dei lokale mål- og strategiplanane er samla i eit eige dokument, jf. vedlegg til saka. For skulane er det utarbeidd eit samledokument. For barnehage er mål- og strategi nedfelt i barnehageplanen og den lokale planen ligg difor ikkje inne i

denne saka.

Rådmannen har i tillegg vald ut i alt 5 overordna område, som skal ha eit særskilt fokus i planperioden 2016 – 2019. Desse vil bli gjennomgått og eventuelt justerte kvart år.

Dette gjeld:

1. Økonomi
2. Den digitale kommunen
3. Arbeidsgjevarstrategi, med fokus på nærværarbeid
4. Tenesteutvikling og kvalitetsarbeid
5. Miljø

1. Økonomi

I perioden skal arbeidet med å utvikle trygg økonomiforvaltning vektleggjast, med etablering av betre rutinar innan heile økonomiområdet. Eitt av tiltaka vil handle om ei mogleg samanslåing av rekneskaps- og lønsfunksjonen mellom kommunane Meland, Radøy og Lindås. Dette tiltaket er p.t. under utgreiing og vil vere uavhengig av kommunestrukturprosessen som no pågår. Vi meiner vi er for små og sårbare, og vi har problem med å utvikle tilstrekkeleg kompetanse innanfor dei ulike fagfelt. For å få til eit felles kontor som skal ha effektive rutinar treng vi å ta i bruk ein del nye system og verktøy innanfor dagens systemplattform, som digitale reiserekningar, digitale lønsmeldingar, fråversmelding på nett, osv. Slike løysingar vil krevje omlegging av rutinar i heile den kommunale organisasjonen, og vil vere økonomikontoret sitt hovudfokus i resten av 2016 og i 2017, med tanke på ei eventuell samanslåing frå 1. januar 2018.

Gjenverande oppgåver for økonomikontoret etter etablering av felles kontor for løn og rekneskap vil vere rapportering, økonomistyring, finansforvaltning og innkjøpsforvaltning. Innan økonomistyring vil hovudfokus vidare framover vere å få på plass nye rutinar for økonomisk internkontroll. Vi vil og styrkje resursbruken både innan finans- og innkjøpsområdet.

Innan finans er det snakk om betre rapportering, fastesetting av strategiar og nøkkeltal, og god styring og porteføljeforvaltning basert på desse. Innan innkjøp dreier det seg om auke av kompetanse innan innkjøp i heile den kommunale organisasjonen, men ikkje minst utvikle evne og kompetanse til å sjølv inngå større innkjøpsavtalar, og ikkje berre måtte nytta fellesavtalar vi har med Bergen eller andre nabokommunar. I tillegg vil vi fokusere på vidare utnytting av E-handelsløysinga vi så vidt er i gang med, og vidareutvikle rutinar for dette.

2. Den digitale kommunen

Det er utarbeidd ein felles IKT-strategi for dei kommunane som deltar i det regionale IKT-samarbeidet (IKTNH). Planperioden er her 2015 – 2018. Planen er gjennomgått og forlenga til å gjelde ut 2019. Hovudsatsingsområdet i planen er Digital Dialog, som i samsvar med Stortingsmeldinga Digital Agenda peiker på at nettbaserte tenester skal vere hovudregelen for forvaltninga sin kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Det er ei stor utfordring for kommunen å skulle leve opp til dette målet. Arbeidet vil m.a. handle om å

forenkle, forbetre og fornye ulike arbeidsprosessar i kommunane.

I planperioden 2016 – 2019 vil det også vere eit mål for Meland kommune å ta i bruk programvare som ein allereie har, men som det ikkje har vore kapasitet til å implementere i organisasjonen. Dette gjeld t.d. ulike modular innan økonomiprogrammet VISMA. Det er eit mål at dette skal komme på plass før det vert tatt stilling til ei eventuell samanslåing av løns- og rekneskapsfunksjonane frå 2018.

Det er gjort politisk vedtak på innføring av digital feilmelding, eit system som truleg vil komme på plass i løpet av hausten 2016.

### 3. Arbeidsgjevarstrategi, med fokus på nærværarbeid

Meland kommune sin arbeidsgjevarstrategi er nedfelt i eit eige dokument som har undertittelen *Skodd for framtida*. Planperioden er her 2014 – 2018, og dokumentet vart vedtatt i administrasjonsutvalet i juni 2014. Mål og verdiar i dokumentet dannar grunnlag for meir detaljerte planar som vert utarbeidde for ulike personalpolitiske tema. I 2016 skal det t.d. setjast i gang eit arbeid med ein strategisk kompetanseutviklingsplan.

Å jobbe for eit høgt nærvær (eller lågt sjukefråvær), vil vere eit svært viktig mål i planperioden. Eit høgt nærvær er gunstig for kvaliteten på tenestene, for kommunen sin økonomiske situasjon og for den enkelte medarbeidar. Arbeidsmiljøutvalet set kvart år måltal for sjukefråværet. Dei siste åra har dette vore formulert som «7% eller lågare». Planmessig arbeid på alle tenesteområda, med involvering av tillitsvalde og vernebod, vil vere ein viktig faktor. Alle aktivitetar innan HMT-området vil vere del av strategiarbeidet, og desse aktivitetane er nedfelte i aktivitetshjul for kvart år. Meland kommune er IA-bedrift, der redusert sjukefråvær er eitt av 3 delmål. Ulike tiltak og strategiar er nedfelt i 2-årige handlingsplanar.

### 4. Tenesteutvikling og kvalitetsarbeid

Det er ei målsetjing for planperioden å leggje vekt på utviklings- og kvalitetsarbeid innan dei ulike tenestene. Dette vil vere viktig for m.a. for å kunne møte nye krav til kommunen frå nasjonalt hald, t.d. gjennom krav i nasjonale tilrådingar og lovverk. Det er samstundes viktig at kommunen er klar på kva innbyggjarane har rett til å forvente når det gjeld standarden på dei kommunale tenestene, og på same måte avklare forventingar om kva kommunen ikkje skal eller kan levere. Det er difor sett i gang eit arbeid med å utvikle tenestestandardar for dei ulike tenesteområda. Desse standardane vert fortløpande publiserte på kommunen sine heimesider.

Kommunestyret har også bedt rådmannen greie ut korleis omsorgsteknologi kan nyttast i Meland kommune, og dette vil bli ein viktig del av utviklingsarbeidet i planperioden.

## 5. Miljø

Auka bruk og utbygging legg meir press på areala i kommunen, det er difor viktig at naturmangfaldet vert ivaretatt gjennom god planlegging ved ny eller endra arealbruk. Kommunen skal leggje til rette for eit langsiktig og berekraftig landbruk for framtida, samtidig som ein tek vare på det varierte kultur- og naturlandskapet. I kommunen finn vi fleire artar og naturmiljø som har stor lokal og regional verdi, kommunen vil jobbe for at desse vert ivaretatt og kan vere ein verdi for framtida. Meland har eit variert landskap og mange ulike livsmiljø. Meland kommune må sikre at det biologiske mangfaldet og naturmiljøet vert ivaretatt gjennom berekraftig bruk av naturen og naturressursane.

### **Vurdering**

Folkehelse: Er tematisert i fleire av dei lokale planane.

Miljø: Jf. fokusområde 5 og også lokal plan for Plan, utbygging og kommunalteknikk

Økonomi: Jf. fokusområde 1.

### **Konklusjon**

Rådmannen meiner at ein overordna mål- og strategiplan vil vere med på å gi retning både til drifts- og utviklingsoppgåver i den aktuelle perioden. Både i dei 5 fokusområda og dei lokale planane tar utgangspunkt i kommuneplanen som det overordna styringsdokumentet (politisk vedtatt). Ein har så freista å gjere desse overordna måla meir konkrete og også setje opp tiltak som er nødvendige for å nå måla. Det vil vere nær samheng mellom mål- og strategiplanen og økonomiplan/budsjett. Rådmannen legg difor til grunn at dokumentet må gjennomgåast og justerast fleire gongar i planperioden.

### **Framlegg til vedtak:**

«Formannskapet tar mål- og strategiplan for perioden 2016 – 2019 til orientering.»

## **Formannskapet - 35/2016**

### **FS - behandling:**

#### **Framlegg til tilleggstekst frå Silje Ingelin Sæterstøl, V og MDG:**

##### 1. Økonomi

Innkjøpspraksisen i kommunen må stimulere til meir miljøvenlege, innovative og lokale innkjøp.

##### 2. Den digitale kommunen

Meland kommune må arbeide for å fremje samfunnsengasjement og demokratiutøving gjennom internett og sikre at heile kommunen har tilgang til internet.

##### 3. Arbeidsgivar strategi, med fokus på høgt nærværarbeid

Meland kommune må difor arbeide for eit arbeidsliv som gjer det enklare å kombinere jobb, frivillig

innsats og omsorgsoppgåver i familien.

## 5. Miljø

Alt landbruk må produsere trygg mat med minst mogeleg belastning på natur, klima og ressursar. Meland kommune må sikre gode vilkår for næringslivet både for å starte opp bærekraftige bedrifter og prosjekter. Aukande ekstremver gjer det naudsynt for kommunen å ha ein tilstrekkeleg beredskapsplan og vere godt nok rusta for klimaendringane. Omsyn til klima og miljø må vere førande i alle andre kommunale planar og all kommunal.

### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak med tilleggstekst frå Silje Ingelin Sæterstøl, V og MDG fekk 4 røyster for, (V, KrF, SP, FrP), 3 røyster mot, (2 AP, H), og er såleis vedteke.**

### **FS - vedtak:**

«Formannskapet tar mål- og strategiplan med innspel frå V og MDG for perioden 2016 – 2019 til orientering.»